



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

INSTITUTTRÅD VED GRIEGAKADEMIET- Institutt for musikk

Sak nr.: 16/24

ePhorte saksnr: 2024/8918

Sakstype: Vedtak

Møte: 19.09.2024

Forslag til endringer i MVK250 og MVK101

Vedlegg

Endringer i emneplan MVK250.pdf

Endringer i emneplan MVK101.pdf

Bakgrunn for saken

Emneansvarlig for *MVK250 Bacheloroppgåve musikkvitskap* og *MVK101 Musikkproduksjon* har lagt frem forslag til endringer i dei respektive emna. Saken er godkjent i programstyret 14.06.2024.

Til saken

MVK250

Det er frå emneansvarlig fremma ei tilråding om å fjerne justerande munnleg eksamen frå vurderingsforma i MVK250, slik at studentane berre vert vurdert på skriftleg arbeid; bacheloroppgåva.

Tilrådinga er basert på følgjande:

- Den munnlege eksamenen tener ikkje eit vesentleg pedagogisk føremål. Frå oppstarten av studieprogrammet blei det argumenter for at struktureringa av vurderinga av bacheloroppgåva (skriftleg og justerande munnleg) var i eit format liknande det til ein masteroppgåve, og at det ville førebu studentane våre for vidare studium. Få av våre studentar tek vidare studium (berre 2-3 har gått vidare til mastergrad, men ingen av dei i musikkvitskap), og ein kan derfor argumentere for at studentane ikkje er motivert for vidare studiar i akademia.
- Eit generelt argument har vore at ein to-delt eksamen er nødvendig for å oppretthalde "strenge" akademiske standardar. Det er likevel uklart kvifor fjerninga av ein munnleg eksamen nødvendigvis skulle innebere standardar som ikkje er strenge (kanskje særleg med tanke på vår studentmasse).

- Dei administrative og økonomiske ressursane som er nødvendige for planlegginga og gjennomføringa av dei munnlege eksamenane er ikkje rettferdiggjort i lys av det føregåande.

Det er gjort ei uformell undersøking for å sjå kor mange relevante bachelorprogram ved UiB, som for tida krev ein munnleg eksamen som ein del av bacheloroppgåva.

Bachelorprogram som har munnleg eksamen: Litteraturvitskap, Kulturvitskap og Historie.

Bachelorprogram som ikkje har munnleg eksamen: Arkeologi, Teatervitskap, Religionsvitskap

Merk: i bachelorprogrammet i kjønnsstudiar kan studentane velje kva retning dei vil skrive bacheloroppgåva: litteraturvitskap, engelsk, filosofi, historie, kulturvitskap, nordisk språk og litteratur, sosialantropologi eller sosiologi.

Sjølv om denne uformelle undersøkinga viser ein 50/50-delning, er det verdt å merke seg at BA i Musikkvitskap er det einaste programmet blant alle dei nemnde som ikkje har eit masterprogram. I tillegg krev ikkje musikkvitskapsprogramma ved Oslo eller Trondheim ein munnleg eksamen av studentane sine.

I vedlegget til saka viser justeringar gjort i emneskildringa. «munleg» er fjerna frå læringsutbyte, og munnleg prøve er fjerna frå vurderingsformer.

MVK101

Mindre endringar i emneplan for å reflektere noverande praksis i emnet

Under obligatorisk undervisningsaktivitet er «rettleidde prosjektarbeid» fjerna.

Under vurderingsformer er det gjort følgande endringar: Eksamen vert gjennomført som ei mappe med 4 ulike små og/eller store prosjekt som dekkjer områder som låt- og lydproduksjon, konsertproduksjon ~~og marknadsføring og konsertopptak~~, og karriereplanlegging i musikkproduksjon.

Forslag til vedtak:

Instituttrådet ved Griegakademiet vedtar forslagene om endringer i MVK250 og MVK101.

saksbehandler